



Lb Bevertning AS
Hallane 30A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1679 - 18/19659

Saksbehandlar:
Ingunn Øvretveit
Ingunn.Ovretveit@lindas.kommune.no

Dato:
19.06.2018

Skjenkeløyve - Lindås brygge - vedtak om prikktildeling etter brot på forskrift til alkoholova § 4- 4 og alkoholoven § 8-6

Lindås kommune har den 28.05.18 mottatt rapport frå kontroll av skjenkeløyve frå Alkoholkontrollen. Rapporten er signert av kontrollør og ein ansvarleg frå Lindås brygge. I rapporten kjem det fram brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 4 ledd, 4 setning og 4 ledd, 9 setning - alkoholoven § 8-6. Ved eit slikt brot er konsekvensen at kommunen skal tildela 1 prikk for kvart brot.

Prikktildeling kan berre skje dersom kontrollen er gjennomført i tråd med føresegnene i kapittel 9 i alkoholforskrifta, og Lindås kommune finn at dette er oppfylt. Lindås kommune sendte ut førehadsvarsel om tildeling av prikk datert 30.05.18. I varselet vart det opplyst om retten til uttale, og frå verksemda har det ikkje kome uttale.

Alkoholforskrifta § 10-2 - ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.

Konsekvensar ved ytterlegare brot

Kommunen pliktar også å informera om konsekvensar ved ytterlegare brot på alkoholova med forskrift. Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Ved berekning av toårsperioden skal overtredingstidspunkta leggest til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkoholoven § 1-6. Ved overdraging byrjar ny periode på overdragingstidspunktet, jf. alkoholoven § 1-10 første ledd.

Vedtak:



Løyvehavar LB - Bevertning AS, Lindås brygge vert tildelt 1 prikk brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 4 ledd, 4 setning og 1 prikk brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 4 ledd, 9 setning - alkoholloven § 8-6

Prikktildelinga gjeld i 2 år frå 19.06.18 (vedtaksdato)

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom ein ikkje nyttar klageretten direkte etter einskildvedtaket, kan ein likevel klaga på dette i samband med klage på seinare vedtak om inndraging dersom prikktildelinga er ein del av grunnlaget for inndraginga.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt saksbehandlar

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Ingunn Øvretveit
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lb Bevertning AS

Hallane 30A

5955

LINDÅS